

Møteoversikt rett på mobilen

TEKST OG FOTO: PER OVE STIGE

Den nye møte-appen er veldig enkel å bruke, seier Anne Grete Fylling Molvær (lite bilde) i Langevåg Indremisjon.



NYVINNING: Eyvind Volle visar fram den nye mobil-appen for forsamlingane på Sunnmøre.

No håper ho at fleire forsamlingar på Sunnmøre tar i bruk nyvinninga.

Langevåg Indremisjon er den aller første forsamlinga som har tatt i bruk den nye mobil-appen. På mobilen har Molvær no full oversikt over møta som Langevåg Indremisjon har på bedehuset. Også møteprogrammet på bedehusa i nærområdet kjem automatisk med. Det føreset at bedehusa i nærområdet melder seg på.

GRATIS

Første gong Molvær hørde om dette var på årsmøtet til Sunnmøre Indremisjon i juni. Der var oppfinnaren, Eyvind Volle, for å reklamere.

- Først prøvde eg å laste ned appen, og eg fann ut at det var ikkje noko problem, seier ho.

- Deretter sende eg ein e-post til Eyvind Volle med heile møteoversikta vår for hausten. Han har gjort ein kjempejobb. Oversikta over møta er no lett tilgjengeleg på mobilen, fortel Molvær. I Stavanger sit Eyvind Volle og yter service til forsamlingane, ved sidan av at han i haust vart student ved Misjonshøgskulen. Så langt Volle kjenner til, er han den første som har utvikla ein slik mobil-app.

For forsamlingar i Sunnmøre Indremisjon er det gratis å legge inn møteoversikt. Og for alle brukarar er appen gratis å laste ned.

SMÅMØTA

- No kan ungdommen få møteannonsering rett på mobilen. Det er ikkje alle som hører på Radio Sentrum, seier gründeren.

- Bønnemøta, småmøta, vanlege møte, stormøte få med alt, oppmodar han. Volle er bekymra for at det ikkje kjem fleire unge på dei vanlege møta på bedehuset. Han trur ein av grunnane kan vere at småmøta blir lite annonsert. Derfor kan ein oversikt på mobiltelefonen vere ei god hjelp.

APPLE STORE

Ein betaversjon for Android var klar i juni og kan lastast ned frå Volle sin eigen nettstad www.minmenighet.com.

For iPhone vert appen i desse dagar tilgjengeleg på Apple Store. For Android vil den snart vere tilgjengeleg også på Google Play. I løpet av hausten håper han å ha ein versjon for Windows-telefonar.

FOR FORSAMLINGANE

- Send møteoversikta for hausten på e-post. I tillegg må eg få e-post dersom det blir endringar i programmet. Adressa er: Kontakt@minmenighet.com, forklarar Volle.

- På dei fleste bedehus er det fleire organisasjonar. Inviter med dei også! Dei må rett nok betale litt, men ikkje mykje, seier Eyvind Volle.

PS! Også indremisjonsforsamlingar elles i landet kan gjerne vere med.

Side 2 Leiar: Lidenskap for Jesus

Side 3 Ung Misjon: Pit-Stop

Side 4 Daggrøy Barnehage



Eivind Landro
Leiar Ung Misjon
Sunnmøre Indremisjon

LIDENSKAP FOR JESUS

Nå har jeg jobbet i Sunnmøre Indremisjon i tre år, og jeg har blitt glad i bevegelsen. Vi har en historie som vi kan være stolte av, og det er utfordrende å høre om alt som ble iverksatt av våre forfedre og den troen de viste. Men det kan virke som om noe har skjedd de siste tiårene. Vi har blitt passive.

I fjor så var jeg i en begravelse i Sykkylven. Detsom var spesielt med denne begravelsen var at den avdøde hadde vært aktiv i motorsykkelmiljøet. Ca. en tredjedel av en fullsatt Sykkylven kirke var motorsykkelljøere. De kom fra Vestnes, Eid, Ørsta, ja rett å slett fra hele fylket og fra så å si alle motorsykkellubbene. Til og med Harley Davidson butikken i Ålesund hadde sendt en blomsterkrans. Jeg ble sittende å tenke på dette. For et felleskap de utviste, for en enhet! Og det eneste som bandt dem sammen var motorsykler, uavhengig av merke og form. Kun motorsykler.

Jeg lærte mer om forsamlingsarbeid den dagen. Jeg har gjort av noe annet. Disse folkene hadde en så stor lidenskap til motorsykler at det bandt dem sammen på tvers av fylket. Hva er vår lidenskap? Vår lidenskap skal være Jesus. Den skal binde oss sammen og skape enhet, men det kan virke som om vi er mest opptatt av hvordan ting skal se ut at vi har glemt lidenskapen.

Vi har et flott motto i vår organisasjon; «med Guds ord til folket». Men Guds ord blir stort sett servert på bedehuset, og vi lever i en tid da det ikke er naturlig for ikketroende å komme på bedehuset. Derfor må vi ut til dem med vår lidenskap. De må få se og møte kristne, utenfor bedehuset, som er hengivne og lidenskapelige for Jesus, som våre forfedre.

For det er dette som er våre røtter. Kristne som lidenskapelig følger Jesus, som bringer Jesus ut til folket, som «dør» fra sitt eget slik at det kan bli til liv for andre!

KRINSINFO

FORMANN I SUNNMØRE INDREMISJON

På krinsstyremøte 26. august vart Per Arne Sæter attvald som formann. Runa Welle vart også attvald som nestformann. Vi ber misjonsfolket om å ta med heile krinsstyret i sine bønner og særleg be for Runa og Per Arne i det ansvaret dei har tatt på seg.

NY NETTSIDE

Endeleg har Sunnmøre indremisjon fått ny nettside. Den nye nettsida er: <http://sim-imf.no/>
Vi oppmodar alle indremisjonsvenner på Sunnmøre om å bruke nettsida. Her finn du aktuell informasjon og tilgang på ressursar som er til hjelp for arbeidet lokalt. Møtekalenderen blir også oppdatert etter kvart slik at du til ei kvar tid kan sjå kvar det er møter der krinsen har skaffa talar. Vi tek gjerne imot ris og ros om kva de synest om nettsida vår. Ta gjerne kontakt med krinsleiar ka.austnes@imf.no, også om de har aktuelle saker til nettsida.

NY MEDARBEIDAR

Vi er glade for å kunne presentere ein ny medarbeidar. Eivind Lovund skal jobbe som vikar i Ung Misjon denne hausten i 80 % stilling. Sjå intervju med han på side 3. Ta godt imot Eivind når han kjem på lagsbesøk!

PERMISJON

Eivind Landro har fått permisjon i 60 % av si stilling frå 10. september til 1. juli 2014. I denne perioden skal han arbeide i eit engasjement som lærar på Sula

SunnmørsKirka
Ordet nær - mennesket nær!
Søndag 3. november
Ålesund bedehus kl. 12.00
Taler: Rolf Heitmann, Åpne Dører
Velkommen!

ungdomsskule. Eivind vil fortsatt fungere som leiar i Ung Misjon.

SYKKYLVEN INDREMISJON 125 ÅR

På samlingsfesten 8. september vart det markert at foreininga er 125 år i år. Eit interessant attersyn med mange fine bilde gav innblikk i eit rikt arbeid. Også Sykkylven vart råka av «Sandstormen», vekkingsmøter med Paul Gerhard Sand. I etterkant av desse møta vart foreininga skipa. Fleire kor og brassorkester, ungdomsforeining, søndagsskule og barnarbeid vaks fram etter kvart. Utfordringa i dag er å bere denne arven vidare til nye generasjonar. Vi ynskjer til lukke med jubileet og Guds signing i arbeidet.

FELLESMØTE MED FORBUNDSSTYRET

Laurdag 7. september var krinsstyret i Sunnmøre Indremisjon på Frænabu leirstad i Romsdal. Der hadde vi fellesmøte med krinsstyret i Nordmøre og Romsdal IM og forbundsstyret. Krinsane informerte om arbeidet sitt og vi drøfta korleis vi saman kan løfte indremisjonsarbeidet i fylket. Dette vart eit nytting og godt møte som gav felles innsikt i kor vi står og kva som er utfordringane våre. Takk til forbundsstyret og NRIM.

DØRER & VINDUER
The Classic Door **DIPLOMAT**
KAMPANJE!
Skyvedørs-garderobe fra Habitat ÷30%
• Ytterdører - stort utvalg
• Bod/kjellerdører på lager
• Innerdører
• Garasjeporter (tre-stål-aluminium)
• Skreddersyr løysingar (spesialmål)
• Balkongdører
• Parkett (Steirer)
• Vindu
• Skyvedørgarderobe
GISKEGERDE & FURNES A/S
6052 Giske - Tlf. 70 18 08 81 / 911 88 230 - Fax: 70 18 05 25
www.giskegerde-furnes.no - e-mail: pafurnes@online.no
FRI LEVERING TIL GISKE, ÅLESUND, SULA OG SKODJE

Brusdalsheimen
Telefon: 70 27 45 53
Bankgiro 3900.31.17255

Daggry barnehage
Telefon 70 18 24 97
B.giro 3000.21.36682

Møre Ungdomsskule
Telefon: 70 17 66 70
B.giro: 8220.02.80287

S.I. Senteret AS
Telefon: 70 17 86 60
Vakttelefon: 90 86 38 56

Orreneset Misjonssenter
Telefon: 70 25 07 56
Bankgiro: 4045.07.07211

Borgund Folkehøgskule
Telefon: 70 17 76 00
B.giro 8220.002.20788

Møre Ungd.skule Herøy
Telefon: 70 08 05 50
B.giro: 3000.18.45655

Si-Reiser AS
Telefon: 70 17 90 00
WEB: www.si-reiser.no

Radio Sentrum: Telefon: 70 15 41 00 - Bankgiro 3900.21.10311 - www.radiosentrum.no

Redaktør: Karl Arne Austnes
Sunnmøre Indremisjon
Postboks 7836 Spjelkavik, 6022 Ålesund
Tlf. 70 17 86 70 Fax: 70 17 86 69
Bankgiro: 3000.15.31235
Epost: sunnmore@imf.no
Internett-sider (med link til andre avdelinger)
www.imf.no/sunnmore - Ung Misjon: www.ungmisjon.no

UNGmisjon



- barne og ungdomssektoeren
i Sunnmøre Indremisjon



Pit-stop

TEKST: EIVIND LANDRO

Sier begrepet «all in» deg noe?

PIT STOP
all in
Valderøy Bedehus
18.-20. oktober
Fredag 17.00 Seminar: Kjartan Aano - «Et annerledes liv»
Lørdag 18.15 Seminar: «Å være misjonær i utlandet», Linda Svingstad
Søndag 12.00 Storstemning: «Magen i hverdagen», Torstein Bjorland
20.00 Ungdomsmøte, tale av Torstein Bjorland
22.00 Gospelnight, Diversa kor deltar
Åpnet ved Guds Herings Tunnisen
imf-ung.no ungmisjon.no NLMung

Det er ikke uvanlig å høre det i noen popsanger og av og til i dagligtalen, og det er noe man sier når det er noe man vil satse helt og fullt på. Hvorfor nevner jeg dette?

Jo fordi «all in» er temaet på årets Pit-Stop som i år skal være på Valderøy bedehus fra 18.-20. oktober. Vi ønsker dette året å sette fokus på det å gå «all in» for Jesus, satse alt på han og leve for ham med alt en er og har.

Taler dette året er Torstein Bjorland som bor på Bryne. Han skal fortelle om hva «all in» vil si, hvordan det kan se ut, og hvorfor han selv gjør det. Med seg har han en kamerat som heter Kjartan Aano. Han skal ha seminar om det å leve et annerledes liv som kristen. Han kommer til å fortelle fra sitt liv og det han opplever.

I tillegg skal Linda Slyngstad ha seminar om det å være misjonær i utlandet, og Torstein Bjorland skal ha seminar om å være misjonær i hverdagen. Det blir selvsagt også gospelnight og masse bra lovsang.

Så da er det bare å sette av datoen og få med seg så mange som mulig, for dette blir bra!

PS: Vær med å be for Pit-Stop! Be om at flere ungdommer skal få lyst til å leve for Jesus med alt de er og har!

Ny barne- og ungdomsarbeidar

TEKST OG FOTO: RANVEIG A. NYBØ

Merk deg namnet Eivind Lovund. Eivind skal vere vikar for Miriam som er ute i fødselspermisjon ut året. Han vil reise rundt og besøke barne- og ungdomslag på Sunnmøre og vere med på leir.

Eivind bur i Langevågen. Han er 21 år, utadvent, og glad i Jesus. Har vore engasjert i Ungdom i Oppdrag og brenn for å sjå ungdommen i fyr og flamme for Jesus. Eivind har gått på disippeltreningsskulen til Ungdom i Oppdrag i Orlando. Under studiet reiste han til India på misjonstur med skulen. Etter dette gjekk han på ein anna skule i Orlando som heite "School of ministry development" (Misjonsutviklingskule) med fokus på lederskap, då reiste han til den Dominikanske republikk.

Elles likar Eivind å spele gitar, og er med i eit lovsangsband. Han likar å ta bilde, lage og redigere filmar. Dette er noko Ung Misjon gler seg til å utfordre han på!



BE FOR: Eivind, som føler at Gud har kalla han til å gje av si tid til å jobbe i Ung Misjon denne hausten!

Daggry barnehage

TEKST OG FOTO: KARI-LISE OSE NORDSTRAND, STYRAR

Daggry barnehage med LEIK og LÆRING i NATUREN

Dette er hovudtemaet på Daggry dette barnehageåret, og barna skal få oppleve glede og meistring gjennom aktiviteter og leik ute i naturen, som er den beste arena for læring. Her får barna lære med heile seg, oppleve og utforske naturen med heile kroppen og alle sanser, slik barn lærer best.

Avdelingane har valgt ut ulike undertema, som er meir konkrete, og døme på dette kan vere livet i fjøra eller i skogen, veret, snø/is/vatn, mat frå havet, kva skjer med naturen gjennom dei ulike årstidene, undring over skaparverket, båtliv og sjøvett-regler, m.m.

Ute i naturen skal vi oppleve, utforske, leike og lære, og vi skal også jobbe med satsingsområdet vårt; sosial kompetanse, som inneber å kunne meistre samspel med andre på ein konstruktiv måte, lære sosiale regler, omsorg, ansvar og respekt for andre menneske.

Daggry barnehage sin visjon: - med Guds kjærleik til barna, skal gjennomsyre kvardagen vår og alt vi held på med.

Der det er mykje kjærleik, der er det godt å vere for alle, og Jesus er førebiletet vårt når vi lærer korleis vi skal vere mot kvarandre, vise omsorg og ta oss av kvarandre.

Det kristne innhaldet preger barnehagen vår, og er ein naturleg del av det pedagogiske innhaldet. Vi vil legge vekt på at det blir ein heilskap over heile det pedagogiske innhaldet, både visjon, satsingsområde, hovudtema og fagområder. Leik og læring går hand i hand, og meistring og glede skal vere i fokus.

Vi skal motivere barna til utforsking og lærelyst. Vi legg vekt på grunnleggande verdier, vennskap, danning og sosiale normer, og vi ynskjer å ha eit fellesskap som er prega av kjærleik, omsorg og respekt.



LEIK OG LÆRING: Styrar Kari Lise og nestleiar Grete er også gode på å leike seg!

RADIOMESSE

Ålesund bedehus
laurdag 2. november
kl. 11.00 - 15.00



Kafeteria, tombola, loddsal og salsvarer.
Møtesamvær kl. 14.00.
Anbjørn Walderhaug, Barnekoret Spiren og
Elkana deltek

Stort behov for salsvarer og gevinstar!
Meld gjerne inn på tlf. 70154100

Takk til deg som vil hjelpe oss også
dette året.



JULEMARKED
i Vikakroken
29.-30. november
Til inntekt for Brusdalsheimen

Julekaker, lefser, gjærbakst, syltetøy, saft, syltaflesk,
søst, sild, juledekorasjoner, handarbeid, m.m.

Kan du hjelpe oss med varer eller hjelpe til under
marknaden? Ta kontakt med oss:

Brusdalsheimen 70 27 45 53 / 915 17 783



Vi gleder oss til årets julemarked!!